

Hopegrendi bygdelaag

Co / Øyvind Hope

Litlåsvegen 66

5953 Fønnes

11.05.2011

Olje og energidepartementet

### **Protest vedrørende luftspenn Mongstad- Kollsnes**

Å byggja eit luftspenn av denne dimensjonen vil vera ein altfor stor inngripen i landskapet vårt.

Dersom denne linja vert bygd, vil det ikkje berre ha betydning for bygda vår, men verta ein uakseptabel visuell forsøpling for heile regionen.

Bygda Hope er allereie sterkt belasta av infrastrukturen til/fra Mongstad. Ei av hovedkraflinjene til Mongstad går tvers over Hope i retning nord/sør. Fylkesveg 57 deler bygda i to, med dei farar, støy og ulemper dette inneber.


I dette området er det og eit rikt fugle- og dyreliv. På Hopsvatnet er det eit vanleg syn med gås, ender og svaner. Vinterstid når vatna i området er islagde, er elvemunninga i nordre enden av vatnet isfri og eit viktig beiteområde. Lenger opp mot høgdedraget er det fast tilhald av havørn og hubro.


Me meiner at einaste alternativet er å leggja linja i kabel. Dersom ein slik kabel skulle komma over Hope, har vi allereie ein trase der industri- og drikkevatt ligg. Ei samling av infrastrukturen i felles trase vil derfor vera å føretrekkja.

I det flate og opne landskapet her hjå oss, der vi kan sjå heilt til Kollsnes, er det heilt klart ei uakseptabel stor inngripen å laga ei kraftlinje av desse dimensjonane. Den vil vera totalt dominerande anten ein er på land eller på sjøen.

### **Vår sterke oppmoding er å leggja kraftlinja i kabel!**

For styret i Hopegrendi bygdelaag

  
Øyvind Hope

  
Anne Lise Hopland